
Fra: Olav Husa <maskinmann@gmail.com>
Sendt: tirsdag 17. november 2020 11:09
Til: Postmottak Fedje
Emne: Gammel fyringsolje, fab 8 Bjelland.

Fedje kommune / Tore Frugård.

Ser at eg er referert til i eit brev til Fedje kommune, der det var diskusjon om noko gammal fyringsolje som stod lagra der. Eg skal ha komme med ein uttalelse om at dette er spillolje, og dette er av ein eller anna grunn tatt med som eit slags argument i brevet. Både vanleg spillolje, gammal ubrukeleg tung fyringsolje eller anna oljeavfall skal lagrast forskriftsmessig. Det er på skip vanleg å levera dette inn ved store bunkersanlegg, som leverer det vidare til mottak for slikt. Slike avfallsprodukt blir som regel ved normal til tung pumpbarhet levert under kategorien "sludge" og kostnaden er erfaringsmessig på rundt 2500,- pr m3.

På landsida veit eg ikkje kva regelverk og returordningar som kjem til anvending, men det er ved større kvantum vanleg å signera eit skjema som "avfallsprodusent".

Eg vil ikkje at ein tilfeldig uttalelse referert til yrkestittel: "maskinsjef Olav Husa" skal brukast som referanse i ei sak om gammal olje, når saka står mellom Fedje kommune og Fabrikk nr 8.

Men olja har iallefall frå eit miljøomsyn vore betre lagra dei siste åra enn ho var då ho var på den gamle tanken som tidlegare stod der. Hadde det ikkje vorte gjort strakstiltak der, så hadde olja vore ute i naturen no. Den noverande tilstanden på IBC-tankane og om desse er gode nok til mellombels lagring kan eg ikkje uttala meg om.

Mvh Olav Husa